

13.12.2010

Vil planere skråning og få meir dyrka mark

Trond Lekva Myklebust har søkt kommunen om å få planere ut ein skråning mellom to dyrka teigar på Heio.

I samband med byggjearbeid i bygda har han fått tilbod om å byte matjord mot morenemasse. Her kan han få planert ut ein skråning og få nytta matjord til forbetring av grogrunnlaget på teigen.

Dette vil effektivisere grashausting og gje garden meir dyrka mark.

Kommunens saksbehandlar Tore Eik har sendt saka over til fylkeskommunen og strekar under at Lekva Myklebust med dette tiltaket vil utvida det areal han har med dyrka mark samstundes som det vil gje gjera haustearbeidet lettare.

Kommunen ser positivt på søknaden og ynskjer å imøtekoma denne. Dei kjenner ikkje til fornminne i området men ber om ei uttale frå fylkeskommunen og håpar på snarleg svar.